

BARNEVERNET

Til beste for barnet





BARNEVERNET I NOREG

Barnevernet skal gje barn, unge og familiar hjelp og støtte når det er vanskeleg heime, eller når barnet av andre grunnar har behov for hjelp frå barnevernet (til dømes ved åtferdsproblem eller rus). Foreldra har ansvar for å gje ungane sine omsorg. Men dersom foreldra slit eller har det vanskeleg, skal barnevernet hjelpe til, slik at barn og unge får den omsorga dei treng.

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får hjelp og omsorg til rett tid, og bidra til at barn og unge får trygge oppvekstkår.

Til beste for barnet

Barnevernet må ta utgangspunkt i kva som er til beste for barnet. Nokre gonger kan dette kome i konflikt med kva foreldra synest. Barnevernet skal først og fremst gje hjelp og støtte til foreldra, slik at dei sjølve kan vere gode omsorgspersonar for ungane sine. Dersom denne hjelpa ikkje er nok eller problema til foreldra er for store, kan det vere aktuelt å plassere ungar utanfor heimen for ein kortare eller lengre periode.

VI HAR DET VANSKELEG. KAN BARNEVERNET HJELPE?


Alle kan ein eller annan gong i livet kome i ein vanskeleg livssituasjon der dei har behov for hjelp og støtte til å ta hand om omsorgsbehovet til eigne ungar. I slike tilfelle har barnevernet eit ansvar for å hjelpe familien.

Mange synest det er vanskeleg å ta kontakt med barnevernstenesta fordi dei er redde for at barnet vil bli teke frå dei. Overtaking av omsorg er eit svært alvorleg steg å ta både overfor barnet og foreldra. Det må derfor vere gode grunnar for at dette skal skje.

Om du treng hjelp av barnevernstenesta, kan du ringje den kommunen du bur i, og be om ein avtale. Når du møter opp til ein samtale, vil du saman med barnevernet kartleggje kva behov for hjelp og støtte din familie har.

Dei aller fleste som får hjelp av barnevernet, får hjelpa heime, slik at ungar og foreldre kan leve saman. Dette kallar vi for hjelpetiltak, og det kan til dømes vere

- råd og rettleiing til familien
- foreldregrupper
- støttekontakt
- økonomisk støtte til barnehageplass
- økonomisk støtte til skulefritidsordning (SFO/AKS)
- økonomisk støtte til fritidsaktivitetar eller anna
- avlasting i helgar eller besøksheim



Det er også mogleg å søkje hjelp ved familievernkontora.

Der kan familiar få rådgjeving og samtalar om kvardagsproblem og vanskar, konflikhtar eller kriser i familien.



40 prosent av alle barn som fekk hjelp av barnevernet i 2012, fekk råd og rettleiing. 20 prosent fekk eit tilbod om besøksheim, og 19 prosent av ungene fekk økonomisk støttande tiltak. Over 80 % av alle barn som barnevernet engasjerer seg i, får frivillige hjelpetiltak. (SSB)

EG ER UROA FOR EIT BARN EG KJENNER. BØR EG TA KONTAKT MED BARNEVERNET?

Som mor eller far er du kanskje redd for å kontakte barnevernet. Som slektning, nabo, lærar eller liknande er du kanskje usikker og redd for å blande deg inn.

Dersom ein ikkje tek kontakt, kan resultatet bli at ungar og foreldre ikkje får den hjelpa og støtta dei treng, og som dei har krav på etter lova.

Ikkje ver redd for å ta kontakt med den lokale barnevernstenesta. Ring og fortel om problemet ditt eller uroa di. Fagpersonane frå barnevernet kan gje deg mange gode råd og tips om kva du kan gjere vidare, og om korleis dei kan hjelpe deg eller den du er uroa for.

Synest du det er ubehageleg å kontakte barnevernet, kan sosiallærar, helsesyster, rådgjevar eller andre vaksne hjelpe deg med dette.

Kan eg vere anonym når eg melder?

- Du kan sjølv velje om du vil vere anonym når du kontaktar barnevernstenesta.
- Du kan velje å melde inn saka anonymt, slik at verken barnevern eller foreldre veit kven som melder. Hugs at familien får høve til å sjå meldinga, slik at dersom du til dømes skriv at du er tante til barnet, kan du lett bli kjend att.
- Dersom du vel å ikkje vere anonym, vil foreldra kunne få vite kven som har meldt om uro til barnevernet.

KVA SKJER NÅR BARNEVERNET FÅR EI UROMELDING FOR EIT BARN ELLER EIN FAMILIE?

Barnevernet får ofte ein telefon eller eit brev der nokon fortel at dei trur at eit barn eller ein familie ikkje har det bra. Dette kallar vi for ei uromelding. Barnevernet har plikt til å gå gjennom uromeldingar og vurdere om dei skal undersøkje sakene vidare eller ikkje.

Dersom barnevernet finn grunn til å undersøkje ei sak nærare, kan det hende at barnevernet tek kontakt med den som har meldt frå, for å få meir informasjon om kvifor det er sendt inn ei melding om uro.

Andre gonger har ikkje barnevernet behov for dette og tek i staden direkte kontakt med foreldra til barnet for å undersøkje saka vidare. Då blir gjerne foreldra kalla inn til ein samtale på kontoret eller heime. Dersom barnevernet kjem på besøk heime hos foreldra, blir det først sendt eit brev om at barnevernet kjem på besøk.

Når foreldra møter barnevernsarbeidaren, får dei informasjon om uromeldinga, og i dei fleste tilfella får dei lese henne sjølve. Etter at ein har fått vite meir om meldinga, snakkar barnevernsarbeidaren og familien om det som er skrive. Ofte vil barnevernet også snakke med andre som kjenner barnet og familien, som helsestasjon, barnehage, skule, PP-teneste og liknande.

Gjennom undersøkinga skal barnevernstenesta finne ut om dei treng å følgje opp saka eller ikkje.

RETTANE TIL FORELDRE OG FØRESETTE

Foreldre som barnet bur hos, og foreldre som i tillegg har foreldreansvaret for barnet, er partar i ei barnevernssak. Dersom du er part i saka, har du;

- rett til å sjå dokumenta i saka
- rett til å klage på vedtaket frå barnevernet
- rett til å møte i fylkesnemnda og seie di meining
- rett til gratis advokathjelp i fylkesnemndssaker og rettsaker
- rett til å klage på vedtak som er gjorde av fylkesnemnda, og anke desse for domstolane
- rett til å kunne be om at vedtak om overtaking av omsorg blir oppheva



FNS BARNEKONVENSJON

Konvensjonen slår fast at alle menneske under 18 år er barn, og at dei dermed er omfatta av barnekonvensjonen.

RETTANE TIL BARN:

- Alle barn er fødte frie og er like mykje verte.
- Alle barn har rett til eit namn og ein nasjonalitet.
- Alle barn har rett til vern.
- Alle barn har rett til best mogleg helsehjelp og nok mat og drikke.
- Alle barn har rett til å bli høyrde og bli tekne omsyn til.
- Alle barn har rett til å gå på skule.
- Alle barn har rett til leik, fritid og kvile.
- Alle barn har dei same rettane.

KORLEIS TEK EG KONTAKT MED BARNEVERNET?

Sende brev

Du kan sende ei skriftleg melding om uro i posten. Då skriv du eit brev der du fortel at du treng hjelp og ønskjer ein avtale med barnevernet. Du kan sende ei skriftleg melding i posten dersom du er uroa for eit barn. Då må du skrive litt om kva problemet er, kven det gjeld, og korleis barnevernstenesta kan kome i kontakt med personen.

Ringje

Du kan også ringje barnevernstenesta i den kommunen barnet/ungdommen oppheld seg i. Når du ringjer, kan du få snakke med ein som jobbar i barnevernstenesta om det du uroar deg for. Då kan du få råd og tips om kva du bør gjere vidare. Du kan vere anonym.

Møte

Avtal tid for ein samtale. Mange barnevernstenester har sett av tid til å ta imot råd- og rett- leiingssamtalar. Dersom du ønskjer dette, ring barnevernstenesta i kommunen din og spør om dei har ledig tid. I slike samtalar kan du få snakka om det som uroar deg, og få rettleiing om kva du bør gjere vidare. Du kan også ta med ein person som støtte.

DERSOM DU TRENG TOLK, KAN DU BE OM DETTE

FAMILIERÅD

Tradisjonelt er det barnevernet som avgjer kva som skal skje i barnevernssaker.

Familiar som er i ein vanskeleg situasjon, kan også få hjelp til å gjennomføre eit familieråd. Eit familieråd er eit møte der familien er samla med slekt og andre som har mykje å seie for barnet. Familien blir einig om kva dei synest bør gjerast for at barnet og familien skal få det betre, og diskuterer dette med barnevernstenesta.

Dersom du har vorte utsett for ei skremmande eller ubehageleg hending, eller dersom du eller nokon andre du kjenner, opplever noko vanskeleg i familien, ta kontakt med barnevernsvakta eller **alarmtelefonen 116 111**.



Postadresse

Postboks 2233
3103 Tønsberg

Besøksadresse

Stensberggaten 27
0170 Oslo

bufdir.no